



**Jazzverket i Rosendal har i 10 år gjennomført ein høgst spesiell og feststemt henting av juletre i skogen til Torkjel Nerhus.**

**Den gjekk føre seg i kveld og denne gongen var også ein uskedaling med i bandet på 7. Det var den svært lovande trompetist Vegard Døssland, som også har spela med Jazzverket tidlegare,**

Denne gongen var operasjonen spesiell også fordi han vart direktesendt på TV - nærare bestemt i Vestlandsrevyene med Egil Torheim som reportar og kjende juletonar som 'bakteppe'..

Det var ikkje så mykje vi såg av Vegard, men vi hørde han desto meir, saman med skogeigaren (tromme), Lars Storegjerde (piano), Stein Haugen (bass), Oda Hveem (sax), Solveig Tunold Hatteberg (song) og Ananda Gopy Storegjerde (song) .

Som ein såg har Nerhus kontruert ei transportabel scene som tjener føremålet og kan nyttast både på sentrale stader og i skogen.

Over intervjuar Torheim Nerhus og under er reportaren i aksjon foran scena.

Av Ola Matti Mathisen

